



Kommunaleiinga

**Sakshandsamar**

Reidun K. Halland

Tlf. 57 78 20 01

Masfjorden kommune  
Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

**Vår referanse**

23/861 – 23/8763

**Dykkar referanse**

**Dato**

03.07.2023

## Melding om vedtak i sak om tilflytterprosjekt. Felles prosjekt med Masfjorden kommune

Kommunestyret handsama saka i møte 22.06.23.

Gulen kommune går ikkje inn på prosjektet per no. Tilbod frå Relocate AS vert å ta stilling til på eit seinare tidspunkt.

Administrasjonen vil no arbeide vidare med saka opp imot Masfjorden kommune. Det er også naturleg å oppretta dialog om eit nærmare samarbeid med GMU og Gulen og Masfjorden Næringsråd.

Det bør i lag med berørte partar gjennomførast ei nærmare kost/nytte vurdering. Tiltrår at prosjektet og evt. finansiering av prosjektet vert å ta stilling til igjennom ordinær budsjettprosess hausten 2023.

Vedlagt følgjer saksdokument som syner fullstendig behandling av saka.

Med helsing

Reidun K. Halland  
Kommunedirektør

*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur*

**Mottakere:**

Gulen og Masfjorden utvikling (GMU) AS	Sløvågen 2	5960	DALSØYRA
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Relocate AS v/Ida Selliseth Bakken			





## Tilflytterprosjekt. Felles prosjekt med Masfjorden kommune

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
041/23	Formannskapet	08.06.2023
045/23	Kommunestyret	22.06.2023

### Behandling i Kommunestyret 22.06.2023

#### Handsaming og røysting

##### Røysting

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke

#### Vedtak i Kommunestyret KOM sak 045/23

Kommunedirektøren vil tilrå at kommunen ikkje går inn på prosjektet per no. Same vurdering er gjort av administrasjonen i Masfjorden kommune.

Prosjektet vil krevje mykje administrasjon og innsats frå leiinga. Kommunedirektøren meiner me ikkje har kapasitet til dette no på eit tidspunkt der me startar opp budsjettprosess, skal gjennomføre eit val og deretter sette nye folkevalde i sving.

Kommunedirektøren vil tilrå at administrasjonen arbeider vidare med saka opp imot Masfjorden kommune. Det er også naturleg å oppretta dialog om eit nærmare samarbeid med GMU og Gulen og Masfjorden Næringsråd.

Det bør i lag med berørte partar gjennomførast ei nærmare kost/nytte vurdering. Tiltrå at prosjektet og evt. finansiering av prosjektet vert å ta stilling til igjennom ordinær budsjettprosess hausten 2023.

Vedlegg	Dok.ID
U.off. Leveransebeskrivelse - Masfjorden og Gulen - vedlegg til SSA-B	293962
Gulen_SSA-B_bilag	293963
GULEN-avtale-ssa-b_generell_avtaletekst	293964

**Bakgrunn for saka:**

Relocate AS er eit kommunikasjonsbyrå som spesialiserer seg på å hjelpe kommunar med digitale tilflytterprosjekt og marknadsføring mot nye potensielle tilflyttarar.

Selskapet har over fleire møter hatt dialog med Masfjorden og Gulen kommunar for å identifisere løysingar og tenester som vil støtte kommunane sine ambisjonar kring tilflytting. Basert på innsikt frå møta har Relocate skissert ein strategi, samt teneste- og løysingsforslag i form av eit tilflytterprosjekt i Masfjorden og Gulen kommunar. Selskapet presenterte prosjektet i eit felles formannskapsmøte 05.12.22. Prosjektet har som mål å rekruttere nye innbyggjarar ved å proaktivt marknadsføre kommunane som ein region mot potensielle tilflyttarar.

Det vert m.a. utvikla ein eigen nettstad – Tilflytterportal, og ein strategi for annonsering.

**Saksvurdering og konklusjon:**

Intensjonen frå administrasjonen var å fremje denne saka til politisk handsaming tidlegare i vinter. Av ulike årsaker har saka vorte utsett. M.a. samordning mellom to kommunar, behov for administrativ forankring, og behov for meir innspel frå referansekommunar er nokre av årsakene. Då politisk nivå og også formannskapa har vore involvert i saka finn administrasjonen det rett å levere ei løypemelding i saka, for politisk vurdering av prosjektet og evt. vegen vidare.

**Kost/nytte**

Frå referansekommunar vert det peika på at for at prosjektet skal kunne lukkast krevst det at det er avsett tilstrekkeleg tid i kommunane til å følgje opp prosjektet.

Kommunedirektøren vurderer at det er behov for min. eit halvt årsverk frå kvar kommune til prosjektet. I tillegg må leiargruppa bidra inn i arbeidet. Det vert også lagt opp til eit tett samarbeid med GMU AS og næringsrådet. GMU AS arbeider med å profilere næringsliv og kommunar både utover kommunegrensene og internt i kommunane etter målsetjinga om å vere ein attraktiv vekstregion for næringsaktørar, deira arbeidstakrar og familiar. Det er difor naturleg at det vert tilført ressursar til GMU AS og at prosjektleiing då vert levert frå selskapet.

Liknande prosjekt er köyrt i svært mange kommunar. Dersom mange kommunar köyrer same prosjektet er det grunnlag for å gjere seg nokre tankar rundt om innsats/kost vil kunne stå i forhold til forventa resultat i form av tilflyttarar. Dette er sjølv sagt svært vanskeleg å spå i forkant av eit prosjekt.

**Økonomien i prosjektet:**

Kostnadsfordeling over 3 år har vore skissert som foretrukke modell frå

leverandøren Relocate AS, der dei fakturerer kr 320 000 årleg, samla sum kr 960 000 eks. mva. Utkast til avtale var opprinnelig skissert slik og det var då ikkje høve til å avslutte prosjektet i 3-års perioden. Etter forhandlingar har Relocate akseptert at kostnadsbildet kan omstrukturast på følgande måte: Prisen vert auka i år 1 frå kr 320.000 per kommune til kr 480.000, med fri oppseing etter 12 eller 24 måneder. Dersom avtalen ikkje vert sagt opp i prosjektperioden får kommunane ein tilsvarende rabatt på kr 160.000 i år 3.

Då det er lagt opp til at det vert køyrt eit prosjekt i lag med Masfjorden kommune er pris for bistanden per kommune redusert frå kr 1 290 000 til no kr 960 000 eks mva per kommune.

Kommunane må i tillegg rekne med årlege annonseringsutgifter. Det er gjort eit estimat på at annonsekostnader bør ligge på ca kr 45 000 eks mva per år per kommune.

### Innkjøp

Kontraktssum er relativt høg og det set krav til vurderingar i innkjøpsprosessen. Frå leverandøren si side har prosjektet og konseptet for leveransen vore skissert som så unikt at dei meiner det ikkje finnast alternativ tilbyder i marknaden. I så tilfelle kan det vere tilstrekkeleg å lyse ut ei «intensjonserklæring om inngåelse av avtale» på Doffin heller enn full anbodsutlysing. Evt tilbydarar som meiner dei kan levere tilsvarende produkt vil då kunne respondere. Det innkjøpstekniske kan etter administrasjonen si vurdering sikrast på denne måten.

### Samla vurdering:

Kommunedirektøren vil tilrå at kommunen ikkje går inn på prosjektet per no. Same vurdering er gjort av administrasjonen i Masfjorden kommune.

Prosjektet vil krevje mykje administrasjon og innsats frå leiinga. Kommunedirektøren meiner me ikkje har kapasitet til dette no på eit tidspunkt der me startar opp budsjettprosess, skal gjennomføre eit val og deretter sette nye folkevalde i sving.

Kommunedirektøren vil tilrå at administrasjonen arbeider vidare med saka opp imot Masfjorden kommune. Det er også naturleg å oppretta dialog om eit nærmare samarbeid med GMU og Gulen og Masfjorden Næringsråd.

Det bør i lag med berørte partar gjennomførast ei nærmare kost/nytte vurdering. Tilrå at prosjektet og evt. finansiering av prosjektet vert å ta stilling til igjennom ordinær budsjettprosess hausten 2023.

Tenker at tidlegaste oppstart kan vere 1. mars 2024.

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunedirektøren vil tilrå at kommunen ikkje går inn på prosjektet per no. Same vurdering er gjort av administrasjonen i Masfjorden kommune.

Prosjektet vil krevje mykje administrasjon og innsats frå leiinga.

Kommunedirektøren meiner me ikkje har kapasitet til dette no på eit tidspunkt der me startar opp budsjettprosess, skal gjennomføre eit val og deretter sette nye folkevalde i sving.

Kommunedirektøren vil tilrå at administrasjonen arbeider vidare med saka opp imot Masfjorden kommune. Det er også naturleg å oppretta dialog om eit nærmere samarbeid med GMU og Gulen og Masfjorden Næringsråd.

Det bør i lag med berørte partar gjennomførast ei nærmere kost/nytte vurdering. Tilrår at prosjektet og evt. finansiering av prosjektet vert å ta stilling til igjennom ordinær budsjettprosess hausten 2023.

**Tidlegare behandlinger:****Behandling i Formannskapet 08.06.2023****Handsaming og røysting:****Røysting**

Framlegg frå kommunedirektøren: Samrøystes vedteke

**Vedtak i Formannskapet FSK sak 041/23:**

Kommunedirektøren vil tilrå at kommunen ikkje går inn på prosjektet per no.

Same vurdering er gjort av administrasjonen i Masfjorden kommune.

Prosjektet vil krevje mykje administrasjon og innsats frå leiinga.

Kommunedirektøren meiner me ikkje har kapasitet til dette no på eit tidspunkt der me startar opp budsjettprosess, skal gjennomføre eit val og deretter sette nye folkevalde i sving.

Kommunedirektøren vil tilrå at administrasjonen arbeider vidare med saka opp imot Masfjorden kommune. Det er også naturleg å oppretta dialog om eit nærmere samarbeid med GMU og Gulen og Masfjorden Næringsråd.

Det bør i lag med berørte partar gjennomførast ei nærmere kost/nytte vurdering. Tilrår at prosjektet og evt. finansiering av prosjektet vert å ta stilling til igjennom ordinær budsjettprosess hausten 2023.